




Fjell kommune

Det kongelige kultur- og kirkedepartement
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO



HØYRING OM FRAMLEGG TIL ENDRING I FORSKRIFT OM PERSONALE I KOMMUNALE FOLKEBIBLIOTEK – UTTALE FRÅ FJELL KOMMUNE

Fjell kommune meiner at tidspunktet for ei endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek no, ikkje er det rette. Vi ventar på ein ny stor bibliotekutgreiing om organisering av bibliotekvesenet i Noreg og det saumlause bibliotektilbodet, som venteleg vil munna ut i ei ny lov om folkebibliotek. Dette vil igjen naturlegvis føra til behov for nye forskrifter.

Framlegget synast heller ikkje godt nok grunnitt. Så lenge bibliotekloven framleis stiller krav om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar, vil departementet sitt framlegg til forskrift kunne oppfattast som eit forsøk på uthuling av loven sine føresegner. Lover og forskrifter er fortsett eit viktig virkemiddel for å sikra grunnlaget for eit nasjonalt bibliotektilbod, og den kommunale fridomen er godt ivareteke gjennom eksisterande dispensasjonsføresegner.

Det nye forskriftframlegget tar sikte på å gjera det enklare for kommunene å få varig dispensasjon frå kravet om fagutdanna biblioteksjef i kvar kommune, slik det er formulert i Lov om folkebibliotek § 5. Ei slik forenkling vil etter vår meining ikkje bidra til ei positiv og nødvendig utvikling av biblioteksektoren verken fagleg, administrativt eller strukturelt. Folkebiblioteka i Norge er inne i ei periode med spanande utvikling og store endringar i bibliotektilbodet. I slike tider er det særdeles viktig å sikra den faglege kompetansen rundt i kommunane. Det vert difor eit paradoks om ein no svekkjer kravet om fagkompetanse i bibliotek. Vi snakkar her om kvalitet på tenester og service. Med økt utdanningsnivå i Norge vil biblioteka få eit meir ressurssterkt kundegrnlag enn no. Føresetnaden er at ein klarar å behalda og aller helst auka vårt kundegrnlag. Det kan vi berre gjera med sterk bibliotekfagleg kompetanse i kommunane. Gode bibliotek bør vera sjølvstøtt i eit moderne samfunn. Gratis, kvalitetssikra tilgjenge til det frie ord er ein demokratisk rett. Ein rett som mellom anna er betinga av at det finnast fagutdanna biblioteksjefar og bibliotekarar til å ta vare på og halda i hevd denne retten.


Sett i samanheng med stillingsmarknaden for bibliotekarar, skulle ei forskriftsendring som gjer det enklare å tilsetja biblioteksjef utan fagutdanning, ikkje vera naudsynt. Det lysast ut færre stillingar som biblioteksjef no, enn kva som har vore tilfelle i lang tid, og det er ein strammare arbeidsmarknad for bibliotekarar. Difor har ein, for første gong, fått tilsett fagutdanna biblioteksjef i mange små kommunar, og det har vore fleire søkjarar enn til utlyste

stillingar enn det som har vore vanleg tidlegare. Eit svært lite tal dispensasjonar frå kravet i bibliotekloven har vore gjeve (i 2002 kun tre). Det er såleis vanskeleg å sjå at det skulle vera naudsynt å endra forskriften slik at ein enklare kan få dispensasjon frå kravet om fagutdanna biblioteksjef, i ein marknad der det er lettare å få fagutdanna biblioteksjef enn det som har vore vanleg. Det verkar òg feil å ha høve til å tilsetja ukvalifisert arbeidskraft fast og fjerna dispensasjonsadgangen for 2 år. I eit slikt tilfelle vil biblioteklova si paragraf om fagutdanna biblioteksjef vera til ingen nytte. Dispensasjon er jo i utgangspunktet meint å vera mellombels og ikkje ei fast ordning.

I paragraf 2 i framlegget til forskrift vert også kravet til fagutdanning svekka. Framlegget om 120 studiepoeng som minstekrav for å kunna definerast som fagutdanna biblioteksjef er absolutt ei svekking av kravet til fagutdanning i høve til biblioteklova og dei noverande forskriftene. Som nemnd tidlegare stillar kunnskaps- og informasjonssamfunnet saman med det aukande utdanningsnivået i Norge, høgare krav til fagkompetansen hjå biblioteksjefane som skal forvalta folkebiblioteka si framtid både fagleg og administrativt.

Avslutningsvis vil vi gjenta det denne uttalen starta med, nemleg at tida for ei forskriftendring ikkje er den rette, men at ein bør avvenda departementet sin varsla nasjonale bibliotekutgreiing og dei naudsynte lovendringane som vil følgja av denne.

for Fjell kommune



Trude Bendiksen

biblioteksjef

Fjell folkeboksamling